

---

**Fra:** Bakkebø, Ole <fmhooba@fylkesmannen.no>  
**Sendt:** 4. juli 2015 13:19  
**Til:** Postmottak Lindås  
**Emne:** VS: Uttale til kommunedelplan Lurefjorden, Lindåsosane  
**Vedlegg:** SKM\_C654e15062511590.pdf

## Kommentar til kommunedelplan for Lurefjorden

Eg er eigar av gnr/bnr 58/9 i på Lygra. Dette er ein landbrukseigedom i drift. Sidan den var kjøpt i 2003 er eigedomen betydeleg oppgradert, men veg, vatn, kloakk, restaurering av bygningar ,havneutbygging, grøfting, gjerding, rydding etc i tillegg til mange nybygg. Føremålet med kjøpet var å drive garden så langt som muleg - knytt til tradisjonell landbruk og tilleggsnæringar og fortrinnsvis gardsturisme/sjøbasert turisme.

Kommuneplanarbeidet har teke veldig lang tid - frå dei første orienteringsmøte i 2006 som kommunen/ ordførar inviterte til på Lyngheisenteret. Frå kommunen si side var det då uttala at det var viktig å tilretteleggje for nye næringar på Lygra og i særleg grad vart det nemnt at Lyngheisenteret hadde behov for overnatting i eksisterane eller nye hus av forskjellig standard i samband med aktiviteter /forskning etc i regi av senteret. Kommunen såg for seg at det var mange unytta bygningar på gardane som var eigna til føremålet etter litt oppgradering.

Min overraskelse på dette feltet for mitt vedkommande var difor stor når planen endeleg kom - 5 år seinare i 2011. (Det må vere tillete å nevne at denne planleggingstida er i overkant av det akseptable for kommunal planlegging – etter kjente standardar) Eg hadde søkt om å få bruke eksisterande bygningar på tunet og ved sjøen til gardsturisme/overnatting. Den restaurerte sjøbua ( omlag 100 år gam ) var delvis sett i stand og kunne vere godt eigna til dette føremålet. I planen var denne bygningen omtalt slik : "Når det gjeld SN 4 som ligg ved sjø vil det ikkje vere tillate med overnatting eksisterande eller nye (!) husvære, men området skal nyttast til sjørelaterte aktiviteter.» Den andre bygningen på tunet som var aktuell til dette føremålet fekk etter slik eg oppfatta planen, samtykke til å kunne nytte til omsøkt føremål. Det hjelp lite når kommunen pr dags dato har brukt 9 år på dette planarbeidet og det framleis ikkje er ferdigstillt.

Det finst ingen informasjon frå kommunen for kvifor nettopp denne eksisterande sjøbua ikkje kan nyttast til gardsturisme/rorbu /overnatting samstundes

som det er det sagt at området skal nyttast til sjørelaterte aktiviteter – og altså definert slik eg ser det som eit næringsområde.

Ved henvendelse til kommunen er det i dag heller ingen som kan informere om kva denne formuleringa i plandokumentet er basert på. Det er i sterk kontrast i til kommunen sin uttale i plandokumentet :» Særleg på Lygra er behovet stort for overnattingsplasser og det er sett av areal til spreidde næringsbygningar på to gardsbruk ( SN2 og SN4) Vidare er det skreve :Lynheisenteret er eit etablert reisemål, men treng betre overnattingskapasitet i nærområdet.» ( side 10)

Bygningen er altså klassifisert som eit næringsbygg og området skal nyttast til sjørelatert næringsutvikling, men bygningen skal iflg kommunen brukast til alt anna enn det den er avendeleg til : Overnatting knytt til båt/sjøaktiviteter/gardsturisme/friluftsliv. Kommunen oppmoder om næring i SN 4, men i neste setning blir det i ein kommunedelplan i realiteten stroke.

Eg sendte inn kommentarer til denne merkelege slutningen frå kommunen, men til liten nytte. Ingen vil begrunne dette standpunktet anna enn at det er ei "politisk bestilling».I så fall er det grovt urimeleg - særleg i ein kommune med mottoet « Der draumar vert røyndom « Samstundes er det lagt ut eit stort næringsareal i regi av Universitetet i Bergen - i LNFområdet og i 100 m beltet sør for Lyngheisenter - på ganske lause premissar når faktum i ettertid vert sjekka med UiB.

Planen vart så liggande i knapt nye 5 år før kommunen på nytt sender den på høyring våren 2015 og utan at mine merknader til saka då heller er kommentert. I seg sjølv er dette spesielt all den tid det er kommunale planer som faktisk skal styre utviklinga i kommunene og vi nærmar oss 10 år planleggingstid. Eg finn dette urimeleg. På desse snart 10 åra har planleggingsregime, byggeforskrifter, strandplanpolicy endra seg under vignetten forenkling, men kommunen opprettheld sitt merkverdige standpunkt til dette bygget – som var ledd i næringsutvikling all si tid. Statlege og fylkeskommunale organ har i mellomtida vore opptatt av at nettopp gamle og eksisterande bygningar bør kunne bergast for framtida gjennom å nytte dei til næringsføremål. Eg vil avvise elles at ei endring av bruken av dette enkeltbygget kvalifiserer til ei høyringsrunde til offentlege høyringsparter. Kommunen må i så falle begrunne kvifor nett denne saka skil seg ut i høve til andre endringar i planen.

Eg ber med dette om at administrasjonen endrar si tilråding i saka. Forøvrig meiner eg at denne kommunedelplanen med sine generelle detaljformuleringar er i utakt med det føremål ein slik plan skal ha: Strategisk utvikling i planperioden – med vekt på overordna policy. Kommunen bør etterkvart lausrive seg frå den ånd og den kultur som rådde i kommunen si planavdeling når denne planen vart oppe til handsaming. i perioden 2006 til 2009. Eg legg elles ved intervjuv med rådmannen i Lindås i i avisa

Nordhordland, der han ynskjer gå inn i administrasjonen sine haldningar og rolle knytt til utbyggingssaker som vert søkt om til kommunen.

Med helsing

Ole Bakkebø

Vedlagt nemnde avisartikkel

I